

Dobbelsiger til søstrene Haugland.

10.09.2016



Dobbelsiger til Solveig(i midten) og Veslemøy Haugland(t.h.) i skuleløpet torsdag. Arkivfoto frå då dei laga mat til frivillige under Festidalen-førebuingane.

**Søndag er det klart for Sørål-løpet, og som vanleg var det løp for skuleelvar og barnehageborn torsdagen i førevegen. Totalt deltok rundt 800 barn og unge i skuleløpet. Nokre tok det med ro gjennom løypa på 5,8 km, medan andre konkurrerte på tid. I jenteklassen vart det dobbelsiger til Solveig og Veslemøy Haugland.**

Både Solveig og Veslemøy har gort det skarpt i konkurransar både med og utan ski på beina. Denne gongen var det Solveig som trekte det lengste strået. Ho vann jenteklassen på tida 26.18, ei tid som ville ha plassert henne høgt på lista i guteklassen. Eit år yngre Veslemøy fulgte flott opp med 2. plass 1 minnutt og 5 sekund bak storesøstera. Svært gledeleg er det at Veslemøy er tilbake etter eit langt skadeavbrekk. Oda Gertz, Sara Guddal og Kristine Tveit fulgte på dei neste plassene. Også sistnemnde har siste sesongane vore ein del av skigruppa i Uskedal IL.

I guteklassen gjekk sigeren til Torstein Torkildsen frå Valen.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.